

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/25	Valstyret	15.05.2025

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Tordis-Kristin Tobiassen	K1-011	24/1057

Vallokale og opningstider ved stortings- og sametingsvalet 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Opningstid for valting i Vik kommune mandag den 8. september 2025:

- Vik røystekrins, klokka 09.00-20.00
- Dei andre røystekrinsane, klokka 13.00-19.00

Følgjande vallokale vert nytta på valtinget:

- Valsvik skule for Arnafjord krins
- NAV-lokala ved kommunehuset for Vik krins
- Vangsnes skule for Vangsnes krins
- Feios skule for Feios krins
- Fresvik ungdomshus for Fresvik krins

Valstyret - 006/25

VAL - vedtak:

Opningstid for valting i Vik kommune mandag den 8. september 2025:

- Vik røystekrins, klokka 09.00-20.00
- Dei andre røystekrinsane, klokka 12.00-18.00

Følgjande vallokale vert nytta på valtinget:

- Valsvik skule for Arnafjord krins
- NAV-lokala ved kommunehuset for Vik krins
- Vangsnes skule for Vangsnes krins
- Feios skule for Feios krins
- Fresvik ungdomshus for Fresvik krins

Samrøystes.

#velkomentilvik



Kort samandrag

Reglane for opningstider for vallokala står i vallova § 9-1, 4. til 6. ledd. Det er valstyret som fastset opningstidene for vallokala i kommunen. Det er likevel opna for at kommunestyret sjølv med tilslutning frå minst $\frac{1}{3}$ av medlemmane kan avgjera at vallokala skal haldast opne lenger enn det valstyret har vedteke. Alle vallokala må vera stengte innan kl. 21.00 på valdagen, men alle veljarar som har kome inn i vallokalet før stengetid skal få høve til å røyste.

Det er krav til universell utforming av vallokale og valutstyret. Det er det teke omsyn til ved forslag til bruk av vallokale her i Vik kommune.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m

Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (vallova)

Forskrift om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valforskrifta)

Saksopplysningar

Vallokala som vart nytta til gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2023 var godkjent i høve universell utforming, og fungerte godt til føremålet. Kommunedirektøren rår til at dei same vallokala vert nytta også i år.

Vurdering

Det er høve til å halde valting også på søndag den 07.09.25. Det er ikkje tidlegare gjennomført val på søndagen i Vik kommune. Det er eit langt tidsrom for tidlegrøysting frå 1. juli og ordinær førehandsrøysting frå 10. august. Det er også høve til ambulerande røysting i privat heim, eller førehandsrøysting på institusjon. Det er lagt til rette for god opningstid av vallokale på valtinget den 08.09.25. Det har vore stor oppslutnad om førehandsrøysting ved dei siste vala. Det er grunn til å tru at dei som vil røyste vil kunne få det til innanfor dei oppgitte tidene for røysting utan at det vert lagt til rette for valting også på søndagen.

Det vert tilrådd slik opningstid for valting i Vik kommune måndag den 8. september 2025:

- Vik røystekrins, klokka 09.00-20.00
- Dei andre røystekrinsane, klokka 13.00-19.00

Følgjande vallokale vert nytta ved gjennomføring av stortings- og sametingsvalet 2025:

- Valsvik skule for Arna fjord krins
- NAV-lokala ved kommunehuset for Vik krins
- Vangsnes skule for Vangsnes krins
- Feios skule for Feios krins
- Fresvik ungdomshus for Fresvik krins

